

Til:

Aslak Pollestad
Ingrid Marie Særheim
Kristin Lindal
Leon Luca Rettedal
Linnea Håland
Maren Krag
Ole Gausland
Oskar Vigre
Torvald Reime

Dykkar ref.**Vår ref.**
18/2218 TRHE**Arkivkode**
035 A20**Dato**
22.01.2018**Referat frå elevrådsmøte 19.01.18**

Dato: 19.01.18

Sted: Vidsyn

Forfall: Arve Haugland

Saker:**10/ 17/ 18:** Søknad til FAU om fotballar til trinna: kvart trinn får ny fotball!**12/ 17/ 18:** Skulefotograf. Vi byter fotograf, då det er fleire elevar som ikkje har fått bileta som har vore tatt av dei.

13/ 17/ 18: Karneval fredag i v 6, før vinterferien. Vi drøfta opplegget. Etter ynskje frå foreldra (FAU), sluttar vi å ha kåring av beste kostyme. Mange har opplevd dette som eit press. Vi skal ha samling med heile skulen i gymsalen, bla med limbokkonkurranse. Elevrådet foreslår at ein kan ha fleire og andre konkurranser på trinna. Ei gruppe lærarar arbeider med program for dagen, meir info kjem.

Elevrådet ynskjer velkommen og leier opplegget i gymsalen! Vi skal treffast og planleggje og øve på dette etter kvart!

14/ 17/ 18: Reglar på skulen. Det er viktig for eit trygt, godt skulemiljø at vi har gode, tydelege reglar som alle elevane kjenner til og kan følgje.

Postadresse:
Vålandsvegen 4
4365 Nærbø**Kontoradresse:**
Vålandsvegen 4
4365 Nærbø**Internett:**
www.ha.no/bo
post.bo.skule@ha.kommune.no**Telefon:**
51 79 13
50**Org.nr.**

Kva reglar har vi på Bø? Vi ynskjer å skrive desse ned, og vil høyre kva reglar de i elevrådet kjenner:

Over alt:

-Ikkje mobbe

-Ikkje øydeleggje skulen (hærværk), ikkje pirke i ting du ikkje veit kva er.

Ute:

-Ikkje kaste snøball

Kantina:

-Eitt pålegg på skiva.

Gangane:

-Ikkje springe i gangane.

Basane:

-Rette opp handa om du vil snakke.

(Oppleves som urettferdig at noen trinn får bruke You Tube, men andre ikkje.

Vi snakka om klasseleiing, at det kan vere ulikt kva trinna får lov til, ettersom trinna oppfører seg ulikt.)

BliMe-benken fungerer ikkje som den skal. Folk sitter der, og folk går forbi.

Fjerne?

15 17/ 18: SU/ SMU. Informasjon om kva det er. Det skal snart vere SU- og SMU- møte. Har vi saker som gjeld miljøet på skulen?

Elevrådet minner om at det er viktig at det blir rydda ute jamleg. Mykje graps i buskane utanfor 7.

16 17/ 18: Praksisskule. Bø er no praksisskule, og har i fire år hatt lærarstudentar frå Universitetet i Stavanger. Skulen vurderer no å søke om å få vere praksisskule i fire nye år. Elevrådet er positive til det. Trinn som har hatt studentar i praksis synst at det er moro, og at det blir meir variert undervisning.

17/ 17/ 18: Anna:

- Rosavaktene er i gang, flott!
- Lånebua: ønske om nytt utstyr, mykje er øydelagt.
- Kjekt når me får gå i akebakken ved Skjeraberget!

Ina E. B. Vigre, kontaktlærer for elevrådet 51 79 13 50

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

